



Vidar Dyrøy Andreassen
Vardevegen 80
5953 Fønnes

Referanser:

Dykkar:

Vår: 23/4242 - 23/40854

Saksbehandlar:

Linda Hammersvik Folkestad

linda.folkestad@alver.kommune.no

Dato:

30.05.2023

Svar på søknad om dispensasjon- avstand til kommunalt VA anlegg - gbnr 85/3 Kvalvåg

Tiltak: Dispensasjon frå avstandskrav til kommunalt VA anlegg
Byggjestad: Onesvegen 11 – Gbnr 85/3
Tiltakshavar: Ingvild Kvalvåg og Vidar Dyrøy Andreassen
Ansvarleg søkjar: Vidar Dyrøy Andreassen

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå avstandskrav til offentleg leidningsnett i samband med etablering av ny avkøyrslø.

Sakutgreiing:

Informasjon om saka:

I samband med riving og oppføring av nytt våningshus, søkast det med dette om dispensasjon frå avstandskrav på 4 meter til kommunalt leidningsnett ved Gbnr 85/3 i Alver kommune. Tiltakshavar er Ingvild Kvalvåg og Vidar Andreassen.

Tiltaket består i rivning av eksisterande våningshus (Onesvegen 11), og oppføring av nytt våningshus på same fotavtrykk. Det må byggas ny tilkomstveg, samt endring av avkøyrslø mot kommunal veg.

Ny godkjent innkøyrslø kjem i konflikt med eksisterande kommunale avløpsleidningar, og desse må sikrast. Dette utførast på følgande måte: Eksisterande ladningar vert grave fram og det vert utskifta ut masser i botn. Leidningar blir lagt i ø200 trekkerør gjennom ny veg/ avkøyrslø og blir om fylt med telefrie masser. Vidare blir oppbygging av veg utført. Alt arbeid med leidningar blir utført av godkjent ADK1 rørleggar.

Vurdering/drøfting:

Samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning har vurdert det som forsvarleg å flytte avkøyrslø for å få ei meir oversiktleg og trygg avkøyrslø. Ny plassering av avkøyrslø kjem over kommunalt leidningsnett. Søkjar skal sikre kommunen sitt leidningsnett ved å grave desse fram og skifte ut omkringliggande masser. Leidningsnettet skal leggjast i trekkerør gjennom ny avkøyrslø. Trekkerør og leidningsnett vil verte lagt i frostfrie massar. Over dekning er tenkt å være 1,5 meter frå topp

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug

post@alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559

Innbyggjarservice: +47 56 37 50

www.alver.kommune.no

Organisasjonsnummer: 920 290 922

00

trekkerør. Dette er innanfor kommunen sitt krav til over dekning av kommunale leidningar som ligg mellom 1,2 og 2,5 meter.

Samandrag/konklusjon:

Alver kommune ved Samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning finn der forsvarleg å gje dispensasjon frå avstandskrav til kommunalt leidningsnett for etablering av ny avkøyrsløse på vilkår

Vedtaket:

Med heimel i «Standard abonnementsvilkår for vann og avløp – Administrative bestemmelser pkt. 3.4 gjev Samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning løyve til å etablere avkøyrsløse over kommunalt leidningsnett på vilkår.

Løyve er gjeve på følgjande vilkår:

- I samband med etablering av avkøyrsløse skal ein nytte frostfrie massar rundt kommunalt leidningsnett. Over dekning skal være 1,5 meter, som om søkt.
- Kommunal vassleidning skal leggest i trekkerør Ø200 mm, som om søkt.
- Det skal leverast inn innmålingsdata og bildedokumentasjon som viser korleis leidningsnett er lagt igjennom avkøyrsløse.

Vedtaket gjev løyve til å plassere støyskjerm og parkeringsplass nærare kommunale leidningsnett enn avstandskrav på 4,0 meter. Vi gjer merksam på at tiltak er søknadspliktig etter plan og bygningslova og må ha godkjenning etter dette regelverket for å kunne etablerast.

Det er med heimel i «Standard abonnementsvilkår for vann og avløp – Administrative bestemmelser pkt. 3.4» at Samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning sett krav til tiltak som kjem nærare offentleg leidningsnett enn avstandskrav gitt i regelverk. Vi gjer merksam på at løyve berre gjeld i høve kommunen sitt lovverk og ikkje dei rettar/privatretslege avtaler ovanfor eventuelle grunneigarar.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegasjonsreglement.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn-
avløp-forvaltning

Torkjell Holm Brenna
Avdelingsleiar

Linda Hammersvik Folkestad
Ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Byggesak v/sakshandsamar

Mottakarar:

Vidar Dyrøy Andreassen

Vardevegen 80 5953

Fonnes